




Handyman, John Kåre Raustein

Damelometørkle med sort blonde under arbeid.
Motivet er ymse verktøy.

MASKINDUR PÅ BLONDEDUKEN

Med broderinål og garn har John K. Raustein entra kvinna si verd. Men straks han stikk nåla i stoffet, skjer noko uventa: Duken vart fylt med broderte maskindelar. Og ikkje berre duken, han utfordrar med maskuline motiv også på pyntehandkleet og puta. TEKST OG FOTO: SISSEL BEATE ERIKSEN SKAR



Handy man wall, detalj.

DET VAR PÅ HØSTUTSTILLINGEN i fjor at Raustein sitt pyntehandkle ropa på oss. Broderte tannhjul og røyropplegg gjorde oss nysgjerrig. Vi inviterte oss sjølve til John Kåre Raustein og verkstaden hans i Maridalsveien i Oslo. Her boltrar han seg i maskulin blonde og perler i frekk og freidig blanding på broderier med uventa motiv. John Kåre Raustein er handyman, og i følge Fremmedordboka er ein handyman ein som er flink til å reparere eller fikse og ordne ting i huset. Ein mann som lever for det og ikkje av det. Og at Raustein lever for sitt kunsthåndverk er tydeleg, at han ikkje lever av det, fortel stillinga hos Mester Grønn.

Raustein har ein vidfaren installasjon kalla "I'm trying to be a handy man". Installasjonen er ei stove. Både duken, sofaputene, veggbileta og pyntehandkleet har dei mest fantasifulle broderi av maskindelar – i samarbeid med sart blonde. Arbeida hans vekker oppsikt og installasjonen har lufta seg både i inn- og utland. No er han på plass i Nasjonalmuseet på Isle of Man. I mai fylte 10-15 pyntehandklær ein Handy man wall i Rådhuset i Oslo.

–Eg merker større aksept etter kvart, og vart invitert på fleire utstillingar, stadfestar Raustein. Mannen som tok hovudfagstudiet i tekstil ved Kunsthøgskolen i Bergen i 2000, kan vise til separatutstillingar og eit trettitals kollektivutstillingar. Han har motteke fleire stipend og er innkjøpt av Kunstindustrimuseet i Oslo og Vestlandske Kunstindustrimuseum i Bergen. Ein av utsmykkingsjobbane han har gjort, er for Royal Caribbean, "Mariner of the seas." På dette viset lever broderia vidare.

Mot alle vindar

–Eg hata det som pesten! fortel Raustein om broderiopplæringa ved Rogaland Fylkeshusflidsskole. Her gjekk han på lina for teikning, form og farge, med hovudvekt på tekstil.

–Vi måtte heile tida brodere fastsette ting, fekk ikkje brodere noko fritt. Vi skulle ha fine permar med prøvelappar. Permen ligg på loftet, seier den snart 33 år gamle kunsthåndverkaren. Bergen og Kunsthøgskolen vart neste stoppestad. Her tok John Kåre Raustein fatt på å veve sitt eige stoff, som han trykte på etterpå. Men dette handverket gjorde krav på dyr og stor verkstadplass. Kunstnaren med Stavanger som fødeby, avgjorde at han skulle utforske eit anna handverk.

Medan han arbeidde med hovudfagsopp-gåva, deltok han i workshop i broderi med den

engelske tekstilkunstnaren Anne Morell. Ho ga deltakarene små lappar med vurdering av broderia deira. På John sin lapp sto det: "John has no skills for embroidery at all!"

–Mot alle vindar, no sit eg her og broderer, og det har eg gjort sidan 1998, seier broderen nøgd.

Det første han broderte var skiftnøklar. Og det har han ikkje slutta med. På bordet ligg eit lite damelometørkle kanta med blå blonde, og små, små sting er nytta for å brodere bitte små skiftnøklar. Han teiknar svakt på stoffet før han går til verket med nål og tråd. Ein kan også seie at Raustein teiknar med tråd. Han broderer både for hand og med maskin. Handarbeidet vart for det meste utført med stilkeisting. I starten var det attersting han nytta, men etter råd frå mora gjekk han over til stilkeisting.

Motiva

Etter kvart blir det liv og røre andre stader i verkstaden, som Raustein delar med ni andre kunstnarar. Her er både maleri, keramikk og foto.

–Det er spennande å følge med dei forskjellige uttrykk. Vi bruker kvarandre til inspirasjon og rettleiing, seier han, medan han pakkar ut objekt som er komne attende frå utstillingar: Puter med skruer og mutrar. Den eine veggen i verkstaden er pryda med pyntehandkle. Nydelege linhandkle med sterke motiv av maskindelar og ymse duppedittar, broderi med holsaum og blanke, små perlar.

Det var under ein workshop i Litauen han fekk augo opp for kor mykje fint han kunne brodere med maskindelar som motiv.



–Vi var i eit fabrikklokale der det mangla fleire fliser på veggane. Eg laga fliser av stoff og broderte motiv. Utruleg mange flotte maskiner i fabrikk! seier han oppglødd.

–Folk ser på oss. Du tek bilete av så rare ting. Eg går litt unna og ventar, sa ei niese av meg ein gong vi var ute og gjekk tur.

For John Kåre Raustein går tur med fotoapparatet. Han er ikkje på jakt etter flotte naturbilete eller pussige situasjonar. Han tek bilete av maskiner, plukkar ut detaljar og set saman til eigne maskiner på broderi. Nålaugget er vindauget mot kunsten. Om han har vurdert å bruke andre motiv på broderia? Nei, ikkje enno. Han føler seg ikkje ferdig med maskindelane.

Samarbeid med mor

I prosjektet *Seilas* har John Kåre Raustein med mamma, Mary Andreassen, som samarbeids-



partnar. Heile prosjektet utgjer åtte store segl. Motiva, maskindelar, er henta frå ferjene i Rogaland. Og dei har Raustein eit godt forhold til frå barndommen.

–Eg gav mor stoff med teikningar på. Ho broderte litt, og så broderte eg litt. Somme tider skjønna ho ikkje teikninga og broderte kanskje ein strek eller to for mykje. Det gjorde ikkje noko. Det vart berre meir spennande på det viset. Ein del av prosjektet vart hengt opp i seglformasjon og synt fram i Rådhuset i mai, fortel han.

Fordi broderiet ikkje kastar nok av seg, har John Kåre Raustein funne ei attåttnæring. Han lagar pyntenøklar for eitkvart høve. Skiftnøkklane er iført perler og metalltråd i fargar. Dei er populære som gaver både til bryllaup og dåp. Og nøklane finst hos Galleri Format i Oslo og Bergen. Kunsten hans har sterk stemme, sjølv snakkar han med låg røyst:

–Eg prøver berre å vera handyman!

WWW.KUNST.NO/RAUSTEIN

Øverst til høyre: Frå installasjonen "I'm trying to be a handy man". Ein gammal, oppussa stol er kulisser for dei broderte putene.

Til venstre: Frå Handy man wall, pyntehandklede som har tittelen ACH-403-46. Her har Raustein nytta perler, maskinsaum, handsaum og stilkeisting.

Nederst til høyre: Seilas. Seil frå samarbeidsprosjektet med mamma Mary Andreassen. Også dei vart utstilte i Rådhuset i Oslo i mai.

